

# Vennskap

I følge Utdanningsdirektoratet blir det å vere venner definert som *“å møtast i eit forhold der den enkelte opplever seg godteken og verdsett for akkurat den han eller ho er”*. I sped- og småbarnsalderen er du den viktigaste leikekameraten, men etterkvart vil barnet ditt orientere seg mot andre barn. For fireåringen handlar det om å vere i lag med andre barn i lek og aktivitet. Å legge til rette for gode vennskap for barnet ditt er ei viktig foreldreoppgåve.

### Sosial rollemodell

Du som forelder er ein viktig rollemodell som gjennom handling kan vise positive måtar å vere saman med andre på. Ved å seie hei til barn og vaksne, og omtale andre positivt, viser du barnet korleis ein er med kvarandre. Gode opplevingar saman med andre barn, kan vere vegen inn i vennskap. Som forelder kan du saman med barnet delta i det sosiale fellesskapet og ta initiativ til aktivitetar for barna i nærmiljøet. Når barnet veit korleis det kan få venner, får det ein tryggleik det kan ta med ut i verda. Det er godt for barnet når det møter venner som uttrykker glede og spenning ved å vere saman.

### Kva skapar vennskap?

I leiken kan barnet la seg rive med og ha det morosamt saman med andre. Barn kjenner ofte tidleg kven dei trivst saman med. Det

handlar om at barna opplever tryggleik og tillit når dei er ilag. Det kan òg vere same alder, kjønn eller at dei er opptatt av dei same aktivitetane. Som forelder er det viktig at du legg til rette for dei vennskap barnet ditt vel. Når barnet kjenner seg trygg og akseptert, ligg forholda til rette for naturleg utfolding og utvikling.

### Lære å vere i lag

God sosial kompetanse handlar om å forstå perspektiva og kjenslene til andre, og sjå ei sak frå fleire sider. Snakk difor med barnet ditt om kva tankar og kjensler andre barn har og lær det å ta omsyn til dette. Barnet ditt er ein del av eit fellesskap kor det å dele, vente på tur og samarbeide må lærast gjennom trening.

### Ver gode på inkludering

For nokre, er det av ulike grunnar vanskeleg å finne nære venner. Til deg som kjenner at barnet ditt står utanfor, kan det lønne seg å tørre å vere open om dette. På den måten kan andre foreldre hjelpe til med å inkludere. Alle foreldre kan vere ein viktig ressurs ved å sjå, helse på barn med namn og kanskje invitere med heim. Dette kan bety ein enorm forskjell for det barnet det gjeld. Undervurder ikkje rolla di som vaksen. Ditt eige barn vil lære å vere raus i relasjon med andre når du går føre og viser korleis ein kan gjere det.

### Reflekter saman

- Kva kan du gjere for å hjelpe barnet ditt til å få venner?
- Tenk deg at du får kjennskap til at eitt av barna i omgangskretsen til barnet ditt ikkje har venner. Kva kan du gjere med dette?
- Kva kan foreldre gjere for å skape eit trygt og inkluderande miljø?



